



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	03.04.2025
Møtetid:	09:00 - -14:00
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Terje Håland	leder	AP	
Bjarte Næss	medlem	SP	
Lisbeth Oen	medlem	INP	
Linda Brandtun	medlem	U	
Inger Lise Brekke	medlem	H	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Ellen Nygårdsmoen Kjelstrup Mejer	kommuneoverlege

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.
Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 12/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - Levekårsutvalet 3. april 2025	
PS 13/2025	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 20. februar 2025	
PS 14/2025	Meldingar/Referatsaker til Levekårsutvalet 3. april 2025	
RS 6/2025	Referat frå Områdeutval 31.01.25 - Nordhordland	
OS 3/2025	Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 3. april 2025	
PS 15/2025	Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn	
PS 16/2025	Oppnemning av representant til arbeidsgruppe for oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket.	
PS 17/2025	Arbeidet i Levekårsutvalet - avklaringar frå kommunestyret	

PS 12/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - Levekårsutvalet 3. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 12/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Møtesekretæren tar på seg skulda for at det ikkje er kalla inn vara for Renee Semmingsen, som har meldt forfall til dette møtet.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 12/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 13/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 20. februar 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 20. februar 2025 vert godkjent.

Sak 13/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 20. februar 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Utvalseiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 13/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 20. februar 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Møteprotokollen frå 20. februar 2025 vart godkjent.

PS 14/2025 Meldingar/Referatsaker til Levekårsutvalet 3. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek referatsakene/meldingane til vitande

Sak 14/2025 Meldingar/Referatsaker til Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om referatsaka "Referat frå Områdeutval 31.01.25 - Nordhordland".

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 14/2025 Meldingar/Referatsaker til Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Levekårsutvalet tok referatsakene/meldingane til vitande

RS 6/2025 Referat frå Områdeutval 31.01.25 - Nordhordland

Sak 6/2025 Referat frå Områdeutval 31.01.25 - Nordhordland
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Ført under PS14/2025.

Vedtak i sak 6/2025 Referat frå Områdeutval 31.01.25 - Nordhordland
Levekårsutvalet - 03.04.2025

OS 3/2025 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 3. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande.

Sak 3/2025 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med sak 15/2025: "Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn".

- Levekårsutvalet skal gje sitt innspel til planen i sak 15/2025, desse innspela vert noterte der.

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om den økonomiske situasjonen. Sjå elles informasjon publisert på nettsida: <https://austrheim.kommune.no/nyhet/jobbar-med-innsparingar-etter-underskot-i-2024>

- Levekårsutvalet ba om at innsparingstiltak som omfattar dei områda utvalet jobbar med, vert lufta med Levekårsutvalet før det går vidare til formannskap og kommunestyre.
- Som oppfølging orienterte kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy om ein kommande gjennomgang av vedtak om tenester.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om status for nytt helse- og omsorgstun.

Ny kommuneoverlege Ellen Nygårdsmoen Kjelstrup Mejer orienterte om sitt arbeid. Saman med kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte ho også om Helse Bergen sitt arbeid med ny prehospital plan.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2025 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande.

PS 15/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår til at utval og råd går gjennom diskusjon- og høyringsutkast til **kommuneplanen sin samfunnsdel, planid 2023001** og kjem med følgjande uttale:

Sak 3/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn
Eldrerådet - 12.03.2025

Handsaming:

Innspel til samfunnsplanen, med justering av det som er lista på side 25 i planen:

- Torbjørn Husby ba om at Hoplandskvernene kom med i det arealet som skal vernast, dette fekk støtte også frå resten av rådet.
- Torbjørn Husby ba om at det vart teke inn eit avsnitt om at kommunen skal satsa på eit nytt og moderne helsetun, dette fekk støtte også frå resten av rådet.
- Hege Ramsland tok opp utfordringar med buss- og drosjetilbod, særleg på ettermiddag/kveld og i helgene. Dette fekk støtte i rådet, og det vart oppfordra til å dra med seg fleire grupper (som brukarane av ungdomsklubben) til å setta fokus på at det er lite kollektivtilbod/drosjetilbod innad i kommunen utanom skuletid.
- Det var semje om at det er viktig å setta prioritering på dei ulike punkta ta dette med i innspela som medlemmene sender til Synnevåg, som til dømes "Bør gjerast tidleg i

planperioden, bør gjerast i midten av planperioden, bør gjerast i slutten av planperioden"

Det var semje i rådet om at medlemmene i rådet sender innspel til leiar i Eldrerådet, Jan Ove Synnevåg, og Synnevåg samordnar desse før høyringsfristen 2. april. Når det blir sendt innspel til Synnevåg, vis til kapittelnummer som "4.1 Legge til rette for ein variert bustadsammensetning". Synnevåg har e-post: janove@synnevag.com

Utvalsleiar Jan Ove Synnevåg refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak:

Det var semje i rådet om at medlemmene i rådet sender innspel til leiar i Eldrerådet, Jan Ove Synnevåg, og Synnevåg samordnar desse før høyringsfristen 2. april. Når det blir sendt innspel til Synnevåg, vis til kapittelnummer som "4.1 Legge til rette for ein variert bustadsammensetning". Synnevåg har e-post: janove@synnevag.com

Vedtak i sak 3/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn
Eldrerådet - 12.03.2025

Det var semje i rådet om at medlemmene i rådet sender innspel til leiar i Eldrerådet, Jan Ove Synnevåg, og Synnevåg samordnar desse før høyringsfristen 2. april. Når det blir sendt innspel til Synnevåg, vis til kapittelnummer som "4.1 Legge til rette for ein variert bustadsammensetning". Synnevåg har e-post: janove@synnevag.com

Sak 2/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.03.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Nagel Toft orienterte om planen som er lagt ut på høyring.

Rådet har ingen innspel, men oppmodar organisasjonane og einskild personar til å sende innspel til plan om dei ønsker.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegg til vedtak: orienteringa vert teke til vitande. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 2/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027,
Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 12.03.2025

Orienteringa vart teke til vitande.

Sak 15/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2027, Plan ID
2023001 - Offentleg ettersyn
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Levekårsutvalet diskuterte ulike punkt i framlegget til kommuneplanen sin samfunnsdel, og kom til eit felles framlegg til vedtak.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 15/2025 Kommuneplan sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-
2027, Plan ID 2023001 - Offentleg ettersyn
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Levekårsutvalet synest at utkastet til kommuneplan er godt utarbeidd. I det vidare arbeidet med planen ønskjer utvalet at:

- Det vert presisert kvar ein meiner at det skal vera sentrumsutvikling, her er det brukt litt forvirrande omgrep som kan skapa tvil om kva som er meint.
- Levekårsutvalet tar innover seg den økonomiske stoda i kommunen, og meiner at prioriteringane må ta omsyn til den situasjonen kommunen er i.

PS 16/2025 Oppnemning av representant til arbeidsgruppe for oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

Sak 16/2025 Oppnemning av representant til arbeidsgruppe for oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket.
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Etter diskusjon i utvalet vart Inger Lise Brekke fremja som Levekårsutvalet sitt medlem i denne arbeidsgruppa.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for Inger Lise Brekke som Levekårsutvalet sitt medlem i denne arbeidsgruppa.

Vedtak i sak 16/2025 Oppnemning av representant til arbeidsgruppe for oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket.
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Inger Lise Brekke er Levekårsutvalet sin representant til arbeidsgruppa for oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtaket frå kommunestyret 2024, med tanke på "løn" og "blåtur" for brukarane av arbeidssenteret.

PS 17/2025 Arbeidet i Levekårsutvalet - avklaringar frå kommunestyret

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet jobbar med eit årshjul for arbeidet i utvalet. I samband med dette utfordrar ein kommunestyret til å komma med innspel/avgrensingar for kva saker utvalet skal jobba med.

Sak 17/2025 Arbeidet i Levekårsutvalet - avklaringar frå kommunestyret
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Handsaming:

Levekårsutvalet diskuterte kring arbeidet med årshjul for kva saker ein jobbar med.

Utvalet har eit mandat og har jobba med å definera arbeidsområdet sitt, men det er framleis behov for å få sett arbeidet.

I fellesskap vart det laga eit nytt framlegg til vedtak.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet ber administrasjonen (ved kommunedirektøren) om å få fram eit årshjul for arbeidet i utvalet.

I samband med dette vil ein også utfordra kommunestyret og kommunedirektøren til å komma med innspel på konkrete saker utvalet skal jobba med.

Vedtak i sak 17/2025 Arbeidet i Levekårsutvalet - avklaringar frå kommunestyret
Levekårsutvalet - 03.04.2025

Levekårsutvalet ber administrasjonen (ved kommunedirektøren) om å få fram eit årshjul for arbeidet i utvalet.

I samband med dette vil ein også utfordra kommunestyret og kommunedirektøren til å komma med innspel på konkrete saker utvalet skal jobba med.